



Sykkylven, 21.januar 2021

Til årsmøtedeltakarane

Årsmøtet for 4H Møre og Romsdal

Her kjem sakspapira til 4H Møre og Romsdal sitt årsmøte som i år blir digitalt.

Sakspapira blir sendt på e-post til Klubbrådgjevar A og leiar i klubbane. Påmeldte til årsmøte vil og få det på e-post. Men fordi påmeldinga er sein i år, blir dette etter fristen på 14 dagar. (dei som har bedt om det på papir får dette ettersendt) [Påmeldinga finn de her](#). Kvar klubb kan delta med to personar med røysterett.

Påmeldte vil få tilsendt lenke for innlogging. Møterommet vil ver opent frå 9.00 for registrering og tilkobling.

Førebuing til årsmøte:

Vi inviterer til opplæring og førebuing til årsmøte tysdag 9. februar. Sjå eige arrangement på 4h.no/more-og-romsdal Ingen påmelding.

Vi minner om at klubbrådgjevarar som skal ha røysterett må ver støttemedlem – kvar klubben har 2 stemmer. Det er svært viktig at klubbane er med på årsmøtet, det er her de kan ver med å påverke kva som skal skje framover.

Programmet for dagen og saksdokumenta ligg vedlagt her.

Vel møtt til denne viktige dagen for 4H Møre og Romsdal.

Med helsing
4H Møre og Romsdal

Berit Fredriksen

Fylkesstyre leiar

May Britt Skjortnes

Organisasjonsrådgjevar i 4H Møre og Romsdal

DIGITALT ÅRSMØTE
4H MØRE OG ROMSDAL
14. februar 2021

PROGRAM FOR DAGEN:

<i>KL. 9.00</i>	<i>REGISTRERING</i>
<i>KL. 10.00</i>	<i>ÅRSMØTE</i>
	<i>LUNSPAUSE</i>
<i>KL. 15.00</i>	<i>ÅRSMØTET SLUTT</i>

SAKLISTE ÅRSMØTET

- Sak 1. Opning
- Sak 2. Opprop
- Sak 3. Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 4. Val av referentar og teljekorps
- Sak 5. Val av 2 representantar til å skrive under møteprotokollen
- Sak 6. Møtereclar
- Sak 7. Årsmelding 2020
- Sak 8. Rekneskap 2020
- Sak 9. Handlingsplan for 2021-2022
- Sak 10. a. Årsplan 2021
b. Årsplan 2022
- Sak 11. Fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyret
- Sak 12. a. Revidert budsjett 2021
b. Budsjett for 2022-23
- Sak 13. Tilsetjing av revisor
- Sak 14. Inkomne saker
- Sak 15. Val

Sak 1
Opning

Sak 2
Opprop

Sak 3
Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkallinga vart sendt ut den 15. desember, innan 6 veker i forkant som vedtektene krev.

Innkallinga vart sendt på e-post til medlemsorganisasjonane, leiarar og til klubbrådgivar A. Den blei og lagt på heimesida vår.

Fylkesstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 4
Val av referentar og teljekorps

Vedtak:

Sak 5

Val av 2 representantar til å skrive under årsmøteprotokollen

Vedtak:

Sak 6

Møtereclar (Forretningsorden)

MØTEREGLAR:

1. Tale-, forslags og røyserett har:

- To representantar frå kvar klubb.
- Fylkesstyret sine medlemmer (har ikkje røyserett ved handsaming av årsmelding og rekneskap).
- To representantar frå Moral.

2. Tale- og forlagsrett, men ikkje røyserett har:

- Ein representant frå kvar av 4H sine medlemsorganisasjonar.
- Ordførar og varaordførar for møtet.
- Tilsette kan gjevast talerett ved handsaming av saker dei er ansvarlege for.
- Ordføraren kan i samråd med årsmøtet gje talerett til andre.

3. Handsaming av saker:

- Alle forslag skal leverast inn skriftleg og vere underteikna med representantnummer og klubbnamn.

4. Reglar for røystring:

- Røystring skjer normalt ved å vise røysteteikn.
- Absolutt fleirtal = meir enn halvparten av dei som har røyserett som er til stades.

- Det skal vere skriftleg val av leiar og styremedlemmer. Ved personval utanom desse skal det vere skriftleg val dersom det ligg føre forslag på meir enn ein kandidat. Blanke røyster vertrekna som gyldige røyster.
- Alle med røysterett som går ut av salen under møtet må gje melding slik at ordføraren heile tida veit kor mange med røysterett som er til stades.

Fylkesstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner møtereglane

<h2>Sak 7</h2> <h3>Årsmelding 2020</h3>

Årsmelding 2020 blir lagt fram av fylkesstyret. Årsmeldinga finn du i eit eige dokument vedlagt sakspapira.

Fylkesstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding 2020 slik ho er lagt fram.

<h2>Sak 8</h2> <h3>Rekneskap for 2020</h3>
--

Rekneskap 2020 blir lagt fram av fylkesstyret.

Du finn det i årsmeldinga.

Signert rekneskap og revisjonsmelding blir lagt fram på årsmøte.

Fylkesstyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2020

Sak 9 Handlingsplan

Handlingsplan blir lagt fram av styre

Fylkestyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet godkjenner handlingsplanen for 2021-23

HANDLINGSPLAN FOR 4H MØRE OG ROMSDAL 2021-2022

4H Norge seier (i forslag til strategi 2018-2024 som vart lagt fram på Landsmøte 2018) at 4H skal frå 2018 til 2024 bli større – smartere – synligere.

4H Møre og Romsdal skal i perioden 2021-2022 ha fokus på å behalde medlemmar etter fylte 14 år, auke medlemstalet, starte nye klubbar, ha attraktive arrangement for alle medlemmane. I tillegg skal vi vere aktive på sosiale medier.

4H Norge		4H Møre og Romsdal	
MÅLET ER AT:	KORLEIS SKAL 4H NOREG NÅ MÅLET?	MÅLET ER AT:	KORLEIS SKAL 4H MØRE OG ROMSDAL NÅ MÅLET?
4H skal bli større med flere medlemmer og større deltakelse på arrangement i hele landet.	<ul style="list-style-type: none">- Gjennomføre vervestrategi- Gjere 4H attraktivt for 14 åringen – Innsiktsarbeid og tiltak- Fleire klubbrådgivarar i 4H – innsiktsarbeid og tiltak	<ul style="list-style-type: none">- 4H Møre og Romsdal skal auke medlemstalet innen 2022- 4H Møre og Romsdal skal starte nye klubbar i perioden.- Vi skal behalde dei klubbane vi har, i begynnelsen av 2022 og evt nyoppstarta klubbar, ved inngangen av 2023.	<ul style="list-style-type: none">- 4H M&R skal ha attraktive arrangement som gir medlemmane lyst å fortsette i 4H.- I tillegg til alumnklubbens SAS skal fylket i perioden gjennomføre eit arrangement/kurs kun for senior og eldre.- Fokus på klubbpleie, hjelpe klubbar som er på veg ned.- Starte klubbar der tidlegare 4H-arar har busett seg.- 4H Møre og Romsdal skal jobbe med kartlegging og tiltak i forhold til medlemmar over 14 år og fråfall. Dette skal gjerast gjennom ei arbeidsgruppe som skal samle inn informasjonen.
4H skal jobbe smartere digitalt og utvikle rutiner og	<ul style="list-style-type: none">- Utvikle system for opplæring i valgkomitearbeid i 4H- Vise 4H sitt engasjement i aktuelle saker gjennom	4H Møre og Romsdal skal bli meir effektive gjennom å jobbe smartare	<ul style="list-style-type: none">- 4H Møre og Romsdal skal ta i bruk aktuelle malar som kjem frå 4H Norge.- 4H Møre og Romsdal skal tilstrebe å sende nytt

<p>maler som gjør det enklere å være medlem, tillitsvalgt og ansatt i 4H</p>	<p>medlemsstyrte nasjonale- og internasjonale grupper.</p> <p>Utvikle felles rutinar og forenkla malar for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rapportering - Registrering - Økonomibehandling - Erfaringsoverføring - Profilering - Frivilligheitspleie - Arrangement - Medlemsundersøkingar - Søknader om støtte - Opplæring - Trygge grenser <p>-Gjennomføre fylkesstyredialogar i alle 4H-fylke.</p> <p>- Mogleggjere samarbeid om digitale prosjekt for medlem og klubbar i heile landet</p>		<p>fylkesstyre på Oppstyr, så dei får nødvendig opplæring i vervet sitt.</p> <ul style="list-style-type: none"> - 4H Møre og Romsdal skal sørge for at valkomiteen får opplæring i valkomitearbeid etter utarbeida system frå 4H Norge. - Gjennomføre teamsmøte med rådgjevarar med aktuelle tema. - Ta aktivt i bruk den nye heimesida til 4H Norge heilt ned på klubbnivå. Implementere bruk av Min Side helt ned på klubbnivå. - Gjennomføre opplæringskurs for rådgjevarar i bruk av digital prosjektplattform. - Opprette ein «ide pool» der klubbar kan hente inspirasjon til lokal aktivitet. - Forsøke å gjennomføre prosjekt som genererer aktivitet ute i klubbane. Det stilles krav til aktiviteten der klubbane kan få eit stipend for gjennomføring av aktiviteten. - Jobbe for å starte opp trivselsagentutdanning i fylket.
<p>4H skal være synligere i mediebildet</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre kommunikasjonsplan som beskriver profileringsaktivitet og retningslinjer for bruk av sosiale medier for klubb, fylkes- og nasjonalt nivå. - Nasjonale sprell. 	<ul style="list-style-type: none"> - 4H Møre og Romsdal skal være aktive på sosiale medier, t.d. Facebook, Snapchat og Instagram. - 4H Møre og Romsdal skal ta i bruk egne profilerings-klode og lage stoffmerke/klistremerke for fylket. - Synleggjere 4H gardane for klubbane i fylket. 	<ul style="list-style-type: none"> - 1000 som liker sida vår på Facebook innan utgongen av 2022 - 800 følgjarar på Instagram. - Ha minst ein artikkel i lokalavisene kvart år, også om 4H gardane. - Oppnevne SoMe ansvarleg i styret som har ansvaret for koordinering og delegering i forhold til fylkets SoMe. - Engasjere klubbane til å sende inn bilder og tekst til fylket som kan delast på SoMe, eller overtakelse av SoMe. - Fylket skal utvikle stoffmerke/klistremerke for salg.

Sak 10

a. Årsplan 2021

b. Årsplan 2022

Bakgrunn for årsplanen er punkta i handlingsplanen, samt dei aktivitetane som Fylkesstyret ser på som viktige for klubbane i fylket.

Fylkesstyret sitt forslag til vedtak:

a. Årsmøtet godkjenner årsplan for 2021

b. Årsmøtet godkjenner årsplan 2022 og gir fylkesstyret i oppdrag å arbeide vidare med den.

Årsplan 4H Møre og Romsdal 2021				
Når	Arrangement	Stad	Alder	Ansvarleg
Januar				
8.-10.	Inspirasjonssamling		Vaksne	Avlyst
26.	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
Februar				
1.	Retting medlemslister			4H-klubbane
13.	Styrevervsopplæring	Teams		4H M&R
13.	Plakettfest			Utsatt
14.	Fylkesårsmøte- digitalt	Teams		4H M&R
Mars				
	Instruktørkurs del 2			4H Norge
19.-20.	Nattvolleyball	Ørstahallen	Frå 12 år	Storm 4H
April				
Mai				
4.	4H-dagen			Alle
7.-9.	SAS-en (senior og alumnsamling)	Bul-hytta, Skaret	Frå 15 år	4H M&R/Moral 4H
Juni				
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
24.-27.	Fylkesleir	Gjermundnes	Alle	4H M&R
Juli				
17.-24.	Nordiskleir	Halland, Sverige	Frå 14 år	Avlyst
August				
September				
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
10.-12.	Storkurs	Åheim	Frå 12 år	4H M&R/Elvablikk 4H
	Regionsamlingar			

Digitalt Fylkesårsmøte 4H Møre og Romsdal
søndag 14. februar 2021

	Dyregoddagane			
	Haustfestar			4H.klubbane
Oktober				
	Haustfestar			4H-klubbane
November				
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
	Årsmøte i klubbane			4H-klubbane
	Instruktørkurs del 1			4H Norge
Desember				
1.	Frist for rapportering:			4H-klubbane
	Årsmelding, Rekneskap, Årsrapport(dato for årsmøte),Endre styre i medlemsreg. Og i Brønnøysund			

NB! Når det står for eksempel frå 14 år =alle som fyller 14 det året.

Årsplan 4H Møre og Romsdal 2022				
Når	Arrangement	Stad	Alder	Ansvarleg
Januar				
7.-9.	Inspirasjonssamling		Vaksne	4H Møre og Romsdal
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
Februar				
1.	Retting medlemslister			4H-klubbane
4.-6.	Superhelg			4H M&R/
5.	Plakettfest			4H M&R/
6.	Fylkesårsmøte			4H M&R/
Mars				
	Instruktørkurs del 2			4H Norge
	Nattvolleyball		Frå 12 år	
April				
Mai				
4.	4H-dagen			Alle
	SAS-en (senior og alumnsamling)	Bul-hytta, Skaret	Frå 15 år	4H M&R/Moral 4H
Juni				
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
24.-26.	Fylkesleir	Straumsnes	Alle	Grimstadhøgda 4H/4H M&R
Juli				
	Landsleir	Breim, Sogn og Fjordane	Frå 14 år	4H Norge
August				
September				
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
	Storkurs		Frå 12 år	4H M&R/?
	Regionsamlingar			

	Dyregoddagane			
	Haustfestar			4H-klubbane
Oktober				
	Haustfestar			4H-klubbane
November				
	Digital klubboppfølging	Teams		4H Møre og Romsdal
	Årsmøte i klubbane			4H-klubbane
	Instruktørkurs del 1			4H Norge
Desember				
1.	Frist for rapportering:			4H-klubbane
	Årsmelding, Rekneskap, Årsrapport(dato for årsmøte),Endre styre i medlemsreg. Og i Brønnøysund			

NB! Når det står for eksempel frå 14 år =alle som fyller 14 det året. **I handlingsplanen er det lagt inn eit nytt arrangement for seniorar/alumnar, dette er ikkje sett dato på.**

Sak 11

Fastsetjing av refusjon og godtgjersle til fylkesstyre

Bakgrunn:

Fylkesårsmøtet vedtek årleg satsar for godtgjersle til fylkesstyret. Årsmøtet 2021 bør vedta satsar for det komande året.

Om arbeidet i fylkesstyret:

4H er ein frivillig organisasjon. Ein del av arbeidsoppgåvene til tillitsvalde er likevel så store at det kan forsvare godtgjersle.

Styremedlemmer, varamedlemmer og alumn-representant får godtgjersle på kr 500. Styreleiar får godtgjersle på kr 5000. Alle tillitsvalde får dekkja reiseutgifter etter rekning.

Ny organisering og struktur i 4H, krev større av styreleiar. Fylkesstyret ser derfor behov for å auke godtgjersla til styreleiar.

Fylkesstyret sitt forslag til vedtak:

Styremedlemmer, varamedlemmer og alumn-representant får godtgjersle på kr 500. Styreleiar får godtgjersle på kr 5000. Det er krav om minst 50% oppmøte i perioden.

Sak 12


a. Justert budsjett for 2021

b. Budsjett for 2022 -23


Fylkestyret forslag til vedtak:

- Årsmøte godkjenner justert budsjett for 2021
- Årsmøtet godkjenner budsjett for 2022 og 2023. Dette blir justert ved neste årsmøte.

Budsjetterte inntekter 2021



Budsjetterte kostnader 2021



Digitalt Fylkesårsmøte 4H Møre og Romsdal
søndag 14. februar 2021

BUDSJETT 2021 - 2022 - 2023				
		Budsjett 2023	Budsjett 2022	Budsjett 2021
Kontonr	DRIFTSINNEKTER			
	<i>Salgsinntekter</i>			
3100	Varesalg	kr 12 000	kr 12 000	kr 12 000
3220	Kontingenter medl./klubber	kr 175 000	kr 170 000	kr 170 000
	Sum Salgsinntekter	kr 187 000	kr 182 000	kr 182 000
	<i>Andre inntekter</i>			
3225	Loddsalg	kr 40 000	kr 40 000	kr 30 000
3230	Prosjektmidler	kr 485 000	kr 591 950	kr 738 050
3235	Offentlige Tilskudd	kr 118 500	kr 118 500	kr 108 500
3239	Tilbakebetaling av offentlig tilskudd	kr -	kr -	kr -
3240	Bidrag landbruksorganisasjoner	kr 114 000	kr 112 000	kr 110 000
3250	Bidrag andre inst./org.	kr 271 500	kr 271 500	kr 221 500
3260	Deltakeravgifter	kr 453 000	kr 448 000	kr 378 000
3910	Momskompensasjon	kr 80 000	kr 70 000	kr 60 000
	Sum andre inntekter	kr 1 562 000	kr 1 651 950	kr 1 646 050
	SUM DRIFTSINNEKTER	kr 1 749 000	kr 1 833 950	kr 1 828 050
	DRIFTSKOSTNADER			
	<i>Varekostnader</i>			
4300	4H-artikler/varekjøp	-kr 17 000	-kr 17 000	-kr 15 000
4500	Innleid hjelp	-kr 31 000	-kr 31 000	-kr 36 000
	Sum Varekostnader	-kr 48 000	-kr 48 000	-kr 51 000
	<i>Personalkostnader</i>			
5000	Lønn og personalkostnader utbetalt av andre	-kr 861 250	-kr 846 250	-kr 836 250
5500	Styrehonorar	-kr 10 000	-kr 10 000	-kr 10 000
5930	Personalforsikringer	-kr 12 800	-kr 12 800	-kr 12 800
5990	Velferdskonto	-kr 6 000	-kr 5 500	-kr 5 000
	Sum Personalkostnader	-kr 890 050	-kr 874 550	-kr 864 050

Digitalt Fylkesårsmøte 4H Møre og Romsdal
søndag 14. februar 2021

	Andre driftskostnader	Budsjett 2023		Budsjett 2022		Budsjett 2021	
6300	Husleie/leie av lokaler	-kr	74 599	-kr	72 599	-kr	70 599
6540	Kontorutstyr/inventar	-kr	2 000	-kr	2 000	-kr	2 000
6552	Programvare - innkjøp	-kr	14 000	-kr	2 000	-kr	15 000
6553	Programvare - drift/vedlikehold	-kr	10 860	-kr	10 360	-kr	9 860
6700	Revisjon/regnskapstjenester	-kr	24 500	-kr	24 000	-kr	24 000
6795	Konsulent/kjøp av tjenester	-kr	5 000	-kr	5 000	-kr	5 000
6800	Kontorrekvisita	-kr	9 000	-kr	8 500	-kr	8 000
6820	Trykkekostnader	-kr	52 660	-kr	51 660	-kr	50 660
6840	Abonnementer/kontingenter	-kr	3 300	-kr	2 800	-kr	2 300
6860	Opplæring - ansatte	-kr	2 000	-kr	2 000	kr	-
6865	Deltakeravgifter	-kr	22 500	-kr	22 500	-kr	21 500
6900	Telefon	-kr	4 000	-kr	3 500	-kr	3 000
6940	Porto	-kr	4 500	-kr	4 000	-kr	3 500
7130	Reiseutgifter ansatte	-kr	61 000	-kr	60 000	-kr	59 000
7140	Reiseutgifter andre	-kr	148 000	-kr	146 000	-kr	144 000
7145	Overnatting	-kr	74 000	-kr	73 000	-kr	72 000
7320	Annonsering	kr	-	kr	-	kr	-
7365	Tilskudd leir/kurs utført av andre	kr	-	kr	-	kr	-
7390	Matutgifter	-kr	134 400	-kr	134 400	-kr	134 400
7395	Kursmateriell	-kr	39 000	-kr	39 000	-kr	39 000
7420	Premier og gaver	-kr	25 500	-kr	25 500	-kr	25 500
7425	Pr artikler og info. materiell	kr	-	kr	-	kr	-
7430	Avgitte bidrag og tilskudd	-kr	67 500	-kr	192 500	-kr	442 500
7500	Forsikring	-kr	4 000	-kr	3 500	-kr	3 000
7770	Gebyrer/provisjoner	-kr	6 000	-kr	5 500	-kr	5 000
7790	Andre kostnader	-kr	2 500	-kr	2 500	-kr	2 500
	Sum Andre driftskostnader	-kr	790 819	-kr	892 819	-kr	1 142 319
	SUM DRIFTSKOSTNADER	-kr	1 728 869	-kr	1 815 369	-kr	2 057 369
	DRIFTSRESULTAT	kr	20 131	kr	18 581	-kr	229 319
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER						
8050	Renteinntekter	kr	2 000	kr	2 000	kr	2 000
	SUM NETTO FINANSPOSTER	kr	2 000	kr	2 000	kr	2 000
	ORDINÆRT RESULTAT	kr	22 131	kr	20 581	-kr	227 319
	ÅRSRESULTAT	kr	22 131	kr	20 581	-kr	227 319

Forklaring til budsjettet

Det er viktig at vi ikkje lagar eit draumbudsjett, men at tala er realistiske så langt det lar seg gjere. Inntektene bør vere så sikre som mogleg, særleg for det neste året.

I 4H Møre og Romsdal må vi nok rekne med litt nedgang i loddsal og færre deltakarar på arrangement. Vi planlegg å gjennomføre alle arrangementa på årsplanen også i 2021. I tillegg styrker vi styrevervopplæringa med ekstra tiltak. Korona påverkar ikkje budsjettet vårt i særleg stor grad.

Heldigvis er dei fleste store inntektspostane våre stabile. Vi har ikkje fått signal om at desse vil endrast. Vi har også fått signal om at 4H Norge vil halde fram med å gje kr 100 000 i lønnsrefusjon kvart år. Dette er ikkje endeleg avgjort for 2022 og 2023, men vi har likevel lagt det inn i budsjetta.

Den beste inntekta vi kan ha er kontingent. Målet er å auke medlemstalet, men på grunn av korona-situasjonen kan dette bli vanskeleg. Vi har i 2020 klart å halde same medlemstal som i 2019. Dette er bra! Vi tør ikkje å legge inn medlemsauke i 2021, men satsar på at medlemstalet held seg stabilt. Budsjettposten er likevel auka med 35 000 kr i 2021. Dette er fordi Landsmøtet i 4H bestemte at halvparten av klubbkontingenten skulle gå til fylkeslaget.

I fjor arbeidde vi for å få i gong fleire store prosjekt. Dette har vi langt på veg klart å få til gjennom vidareføring, men finansieringa må vi få meir kontroll på. Ein ny runde med prosjektet Draumeplassen blei satt i gong september 2020. Dette prosjektet har fått kr 850 000 i prosjektstøtte frå Gjensidigestiftelsen og Sparebanken Møre. Prosjektet blir avslutta til nyttår 2022, og er lagt inn i budsjetta for 2021 og 2022. Både inntektene og utgiftene er fordelt på dei to åra. Prosjektperioden er utvida utan at budsjettet blei justert først. Vi arbeider derfor med fullfinansiering.

Ny runde med prosjektet Fritt fram i friluft starta også opp i september 2020. Dette prosjektet varer til september 2021. Prosjektet i 2021 diverre ikkje fullfinansiert og går derfor ikkje i balanse i 2021. Prosjektleiar er i tillegg tilsett fram til nyttår 2022 (som Draumeplassen). Vi har i budsjetta lagt inn 3 månader med lønn i 2021 og lønn i heile 2022.

Underskotet i 2021 skuldast i stor grad at dette prosjektet ikkje er fullfinansiert. All prosjektstøtte som er lagt inn i 2021 er allereie tildelt og derfor sikre inntekter. Vi søker sjølv sagt om meir støtte, men kan ikkje garantere at dette kjem inn. I 2022 er det lagt inn kr 230 000 og i 2023 er det lagt inn kr 360 000 i prosjektstøtte (ikkje søkt om endå) for å dekke utgiftene. Dette meiner vi er heilt realistisk å få til.

Dersom vi skal ha til saman 150 % stilling på kontoret framover (etter korona-pandemien har lagt seg) vil det vere stort behov for å finansiere aktivitet gjennom prosjekt med ekstern finansiering. Fylkesstyret har i 2021 lagt inn midlar til å få hjelp til ideutvikling. Vi ser at større prosjekt gjev synlegare 4H. Målet på sikt er fleire medlemmar og fleire deltakarar på arrangement. Denne måten å drive organisasjonen på krev god budsjettstyring.

Sak 13

Tilsetjing av revisor

Fylkestyret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet gir fylkestyre fullmakt til å tilsette revisor for 4H Møre og Romsdal for 2021.

Sak 14

Innkomne saker

Sak 14 går ut, då det ikkje er kome inn saker til behandling av årsmøtet.

Sak 15

Val

Forslag frå valkomiteen til fylkesstyre i 4H Møre og Romsdal 2021:

Ordfører (1 år)	Aud Solveig P. Malmedal	på val
Varaordfører (1 år)	Ingeborg Hjelt Kramprud	på val
Leiar (1 år)	Hans Ole Hatle	på val
Styremedlem (1 år igjen)	Ragnhild Bjørkedal	ikkje på val
Styremedlem (2 år)	Ingun Bævre	på val
Styremedlem (2år)	Ida Risvik	på val
Styremedlem: (1 år)	Silje Stadheim	på val
Vara for fylkesstyret:		
1. vara (1 år)	Andreas Skomsø	på val
2. vara (1 år)	Andrine Ljotebø-Krokå	på val
3. vara (1 år)	Hege Einset	på val
Valkomité for 3 år		
Valkomité (2 år igjen)	Sofie Hamre	ikkje på val
Valkomité (1 år igjen)	Hanne Mette Hatle	ikkje på val
	June Fostervold	ikkje på val
Vara for valkomiteen:		
1. vara (1 år)	Aud Bergdal	på val
2. vara (1 år)	Marianne Nauste	på val
3. vara (1 år)	Grethe Toven Malmedal	på val